



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
06.04.2018  
Dykkar dato

Vår referanse  
2017/11322 421.3  
Dykkar referanse

Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo

### **Oppnemning av setjefylkesmann for handsaming av klagesak, Lindås, Gnr. 64 Bnr. 1, Myksvoll øvre – dispensasjon til frådeling av tomt**

Fylkesmannen viser til brev frå kommunen datert 26.03.2018 og 27.03.2018.

Saka gjeld søknad om dispensasjon for etablering av ny bustadeigedom på gnr. 64 bnr. 1 Myksvoll øvre. Eigedomen ligg i uregulert område, innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-fremål med særskild omsynssone landbruk.

Plan- og miljøutvalet avslo søknaden i møte 18.10.2017 saksnr. 104/17. Søkjar klaga på vedtaket i skriv journalført 14.11.2017. Handsaming av klagen vart utsett i møte i Plan- og miljøutvalet 13.12.2017, men vart tatt opp til ny handsaming i møte i Plan- og miljøutvalet den 24.01.2018 der klagen vart tatt til følgje.

Dette vedtaket er klaga på av Fylkesmannen i Hordaland i brev av 16.02.2018.

Klagen vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 21.03.2018, saknr 042/18 der kommunen sitt vedtak datert 24.01.2018 vart oppretthalde og klagen ikkje tatt til følgje.

Med tilvising til Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-6/96 ber vi om at departementet oppnemner setjefylkesmann for handsaming av denne saka.

Med helsing

Egil Hauge  
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:  
Lindås kommune  
Jorunn og Hilmar  
Andersen

Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ  
Titlandsvegen 32 5912 SEIM

